



Tippetue Arkitekter  
Fantoftvegen 44  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1302 - 14/19605

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
12.12.2014

## Godkjenning - GBNR 23/509 - Søknad om igangsettingsløyve for oppføring av tomannsbustad T1 - Løypetona felt B2

**Administrativt vedtak. Saknr: 366/2014**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Det vert vist til søknad journalført 8.12.2014 om løyve til igangsetting (IG) av resterande byggearbeider - oppføring av tomannsbustad T1 på gbnr 23/509 i Meland kommune, jf pbl §§ 20-1 og 21-2, femte ledd.

Det er tidlegare gjeve rammeløyve på vilkår i same sak, jf vedtak av 23.9.2014, DNT-sak 361/13. Vidare er det gjeve igangsettingsløyve for grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid, jf vedtak av 2.7.2014, DNT-sak 184/2014. Gjennom vedtak av 12.6.2014, DNT-sak 153/2014, vart eigen søknad om opparbeiding av utomhusareal innanfor felt B2 godkjent. Saman med dette byggjeløyvet godkjente kommunen eit nytt situasjonskart med fire tilhøyrande situasjonsplanar som i høve til uteareal supplerer kartet som vart godkjent i rammeløyvet.

Det vert vist til søknaden om IG med vedlegg i sin heilskap.

### Vurdering:

#### Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve og igangsettingsløyve for grunnarbeid mv. med tilhøyrande vurderingar og vilkår. Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med gjelande reguleringsplan.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknaden om rammeløyve, jf pbl § 21-3.. Føreliggjande søknad om IG inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

<b>Føretak:</b>	<b>Funksjon og ansvarsområde:</b>
Åsane Byggmesterforretning AS Org.nr 962 116 663 Sentral godkjenning	UTF, Tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar (tkl 1)
Skarsvåg Rør og Interiør AS Org.nr 979 679 149 Sentral godkjenning	PRO, Rørinstallasjonar (tkl 1) UTF, Rørinstallasjonar (tkl 2)
Bergen Murteknikk AS Org.nr 991 242 139 Lokal godkjenning	UTF, Mur, flis og membran våtrom (tkl 1)
FBT Ventilasjon AS Org.nr 936 238 297 Sentral godkjenning	UTF, Luftbehandlingsanlegg (tkl 1)

Ansvarsrettane supplerer tidlegare omsøkte ansvarsrettar i høvesvis rammeløyve og IG for grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid.

Tilknyting til infrastruktur, parkeringsdekning og utnyttingsgrad:

Tilkopling til kommunalt VA-anlegg må omsøkast særskilt og seinast samstundes med søknad om bruksløyve, jf vilkår i DNT-sak 184/2014. Det vert elles vist til rammeløyve og IG for grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid, i det tiltaket vert vurdert å stette krava til infrastruktur i pbl kap 27 og reguleringsplanen sine føresegn om parkeringsdekning og utnyttingsgrad.

Plassering, utforming, utsjånad, høgde og avstand frå nabogrenser:

Det vert vist til rammeløyve og IG for grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid med godkjente situasjonskart, terrengprofilar og plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Når det gjeld opparbeiding av utomhusareal vert det vist til vedtak i DNT-sak 153/2014 og godkjent situasjonskart og situasjonsplanar. Føreliggjande IG vert gjeve på vilkår av at arbeida ikkje kjem i

konflikt med denne godkjenninga, og det er ein føresetnad at arbeida ikkje vil vere til hinder for tilbakeføring av ulovleg utfylte massar i friområdet, jf førehandsvarsel og pålegg og tvangsmulkt dagsett 13.10.2014.

### **Vedtak:**

*«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, løyve til igangsetting av resterande arbeider-oppføring av tomannsbustad innanfor Løypetona B2 – Tomannsbustad T1 – på gbnr 23/509 i Meland kommune på følgjande vilkår:*

- 1. Rammeløyve av 23.9.2013 med vilkår gjeld for tiltaket, jf DNT-sak 361/13.*
- 2. Tiltaket skal utførast i samsvar vilkår i IG for grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid, jf DNT-sak 184/14.*
- 3. Før det vert gjeve bruksløyve må det søkast særskilt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- 4. Arbeida må ikkje vere til hinder for tilbakeføring av utfylte massar i friområdet.*

*Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf ovanfor, jf pbl kap 23 flg.*

*Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pl, så framti ikkje anna følgjer av vedtak i sak 361/13, 184/14, eller vurderinga over.*

*Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelloven.*

*Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»*

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

JM Norge AS

**Mottakere:**

Tippetue Arkitekter

Fantoftvegen 44 5072

BERGEN